

Daude toppar i ungskog av gran

I 2021 vart det observert skadde toppar på vanleg gran (*Picea abies*) i ungskog fleire stadar på Austlandet. I tillegg til toppskotet, var sidegreiner ramma, spesielt i den øvre greinkransen (Figur 1). I overgangen mellom friskt og sjukt vev på stammer (Figur 2) vart det funne soppvekst.



Figur 1. I Innlandet vart det registrert fleire unge tre av gran (*Picea abies*) med halvdaude (venstre) eller daude (høgre) toppar 10. august 2022. Foto: Venche Talgø



Figur 2. I den skarpe overgangen mellom sjukt (nedre del av daud topp) og friskt vev på denne stamma av vanleg gran (*Picea abies*) (venstre) vart det isolert *Neonectria fuckeliana*. På stamma til høgre vart det funne raude sporehus av den same soppen. Foto: Venche Talgø



Vi er interesserte i tilbakemelding om denne type skade i unge felt av gran i 2022. Send gjerne foto med lokalitet. Fint om det vert gjort eit estimat av skadeomfang. Etter avtale, vil vi også gjerne få inn prøvar. Det vil då vera nok å senda inn/levera stammeseksjonar på ca. 10 cm der overgangen mellom friskt og sjukt vev inngår (jfr. Figur 2, venstre).

Ta difor gjerne kontakt med:

Venche Talgø

E-post: venche.talgo@nibio.no

Tlf.: 920 69 664

eller

Inger Sundheim Fløistad

E-post: inger.floistad@nibio.no

Tlf.: 452 27 021

Adr. for eventuelle prøvar: NIBIO bioteknologi og plantehelse, v/Venche Talgø, Høgskoleveien 7, 1433 Ås